



Sigvard Hopland  
Nesbrekka 2  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1125 - 19/11627

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
09.04.2019

## Klage frå Fylkesmannen vert trekt på vilkår - gbnr 174/2 Hopland

Det vert vist til Fylkesmannen i Vestland sin klage på vedtak om dispensasjon frå LNF-føremålet for frådelling av bustadeigedom, datert 21.12.2018 – gbnr 172/4 Hopland – med Fylkesmannen si saksreferanse 2018/2215.

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 13.02.2019, der følgjande vedtak vart fatta:

### PM - vedtak:

Lindås kommune sitt vedtak om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel til å opprette ny grunneigedom til bustadføremål ved deling av om lag 1 mål frå gbnr 172/4 datert 12.12.2018 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje tatt til følgje. Grunningjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Kommunen har mottatt skriv frå Fylkesmannen i Vestland den 11.03.2019. Fylkesmannen trekk si klage på vilkår av at eigedomen sin storleik vert redusert. Slik vi forstår Fylkesmannen, så er det ønskeleg å ta bort areal avsett til innmarksbeite, samtidig som tomte er egna til til å oppnå et tilstrekkeleg godt bu- og oppvekstvilkår på lang sikt.

Vi ønsker ein tilbakemelding frå dykk om de vil akseptere at eigedomens storleik vert redusert. Dersom vilkåret vert akseptert, så skal følgjande dokumentasjon sendast kommunen:

1. På vedlagte NIBIO kart skal det visast at areal avsett til innmarksbeite er tatt bort.
2. På vedlagte NIBIO kart skal eigedomens nye grenser visast.
3. Dykkar situasjonskart skal oppdaterast med den eigedomens nye grenser, sjå innsendt situasjonskart.
4. Storleik på eigedomen etter at den er redusert skal opplysast.
5. Det må leggest ved ein kort forklaring korleis den reduserte tomte er egna til å oppnå et tilstrekkeleg godt bu- og oppvekstvilkår på lang sikt.

Mottatt dokumentasjon vert oversendt frå kommunen til Fylkesmannen. Fylkesmannen vil så kome med ein tilbakemelding om dei kan akseptere den illustrerte løysing som de kjem fram til.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **saml**a innan **02.05.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Gardskart NIBIO - gbnr 174\_2  
Situasjonsplan - gbnr 172\_4

**Kopi til:**

|                 |             |      |      |
|-----------------|-------------|------|------|
| Sigvard Hopland | Nesbrekka 2 | 5912 | SEIM |
|-----------------|-------------|------|------|

**Mottakarar:**

|                 |             |      |      |
|-----------------|-------------|------|------|
| Sigvard Hopland | Nesbrekka 2 | 5912 | SEIM |
|-----------------|-------------|------|------|